HELSE VEST

# STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer
**FØRETAK:** Helse Vest RHF
**DATO:** 20.01.2017
**SAKSHANDSAMAR:** **Synnøve Teigelid og Terje Arne Krokvik**
**SAKA GJELD:** **Konsernbudsjett 2017, herunder investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett samt justering av inntektsramma til helseføretaka**

**ARKIVSAK:** 2017/96
**STYRESAK:** **005/17**

**STYREMØTE:** **3.02. 2017**

## FORSLAG TIL VEDTAK

1. Inntektsramma for 2017 som blei vedtatt under sak 130/16 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):

| Endringar i inntektsramma for 2017 (heile tusen kroner) | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest RHF | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntektsramme 2017 - desembermøtet | 5 872 675 | 3 107 557 | 9 400 291 | 2 506 541 | 4 276 787 | 25 163 851 |
| **Endringar i inntektsfordelinga** | | | | | | 0 |
| Kvalitetsbasert finansiering | -73 | -37 | -162 | -41 | -20 | -334 |
| Forsking og medisinske kompetansetenester | | | | | | 0 |
| Omlegging arbeidsgiveravgift | | -200 | | -643 | 452 | -391 |
| Regional vurderingseining for rehabilitering - rettelse | | | 1 190 | | -1 190 | 0 |
| Ny nasjonal teneste | | | 1 700 | | -1 700 | 0 |
| Justering forsking og kompetansetenester - øremerka HOD | -50 | | -350 | | -64 | -464 |
| Pasient og pårørandeopplæring | | 1 231 | | | -1 231 | 0 |
| Forsøksordning tannhelseteneste | | | 5 900 | | -5 900 | 0 |
| Oppdatering ISF pris og justering DRG poeng | 42 | 20 | 68 | 13 | -329 | -186 |
| Sysselsettingstiltak | 29 800 | 10 300 | 23 600 | 3 700 | -67 400 | 0 |
| Sum endringar | 29 719 | 11 314 | 31 946 | 3 029 | -77 382 | -1 375 |
| Oppdatert inntektsfordeling 2017 | 5 902 394 | 3 118 871 | 9 432 237 | 2 509 570 | 4 199 405 | 25 162 476 |
| Forskottering meirverdiavgift | 45 200 | 20 800 | 71 800 | 16 400 | -154 200 | 0 |
| Sum inntektfordeling og forskottering MVA | 5 947 594 | 3 139 671 | 9 504 037 | 2 525 970 | 4 045 205 | 25 162 476 |

2. Justert inntektsramme fordelt pr. helseføretak

| INNTEKTSFORDELING 2017 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest RHF | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **SUM, ISF** | **1 810 045** | **876 809** | **2 966 258** | **598 350** | **-** | **6 251 462** |
| **SUM, basisramme fordelt etter modell** | **3 671 874** | **1 969 459** | **5 480 019** | **1 662 547** | **0** | **12 783 899** |
| **Kvalitetsbasert finansiering** | **24 914** | **12 699** | **55 202** | **13 952** | | **106 766** |
| **SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)** | **355 319** | **240 970** | **863 306** | **210 172** | **4 045 205** | **5 714 971** |
| **Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):** | **85 441** | **39 735** | **139 251** | **40 950** | | **305 378** |
| **SUM, inntekt 2017 fordelt frå RHF** | **5 947 594** | **3 139 671** | **9 504 036** | **2 525 970** | **4 045 205** | **25 162 476** |

3. Resultatkravet for 2017 blir fastsett som følgjer:

| **Endelig Inntektsfordeling** | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Sjukehus-apoteka vest | Helse Vest IKT | Helse Vest RHF | TOTAL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultatkrav 2017 | 80 000 | 40 000 | 160 000 | 15 000 | 17 000 | 1 000 | 0 | 313 000 |

4. Investeringsbudsjettet for 2017 blir fastsett som følgjer:

**Samandrag investeringar (Budsjett 2017)**

| **Beløp i heile tusen kroner** | **Stavanger** | **Fonna** | **Bergen** | **Førde** | **Apoteka** | **HV IKT** | **RHF** | **TOTAL** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bygg - tilgjengelig ramme | 230 000 | 88 800 | 599 000 | 80 400 | 2 980 | | | 1 001 180 |
| Medisinteknisk utstyr | 145 000 | 40 000 | 161 000 | 23 000 | 1 140 | | | 370 140 |
| IKT | | | | 1 700 | | 335 000 | | 336 700 |
| Anna | 20 000 | 11 200 | 117 000 | 8 600 | 300 | | | 157 100 |
| Sum investeringar 2017 | 395 000 | 140 000 | 877 000 | 113 700 | 4 420 | 335 000 | 0 | 1 865 120 |

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2016 er fastsett. Dette må i så fall skje innanfor gjeldande investeringsregime og behandlast av styret i dei respektive føretaka.

5. Administrerande direktør kan foreta nødvendige mindre omdisponeringar av budsjettpostane innanfor den totale budsjettramma.

6. Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørgje for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.

## Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 7. desember 2016 sak 130/16 B Inntektsfordeling 2017 og resultatkrav 2017 med tilleggsnotat. Det vart fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2017:

Inntektsramme

| INNTEKTSFORDELING 2017 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest RHF | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| SUM, ISF | 1 810 004 | 876 789 | 2 966 190 | 598 336 | - | 6 251 318 |
| SUM, basisramme fordelt etter modell | 3 671 874 | 1 969 459 | 5 480 019 | 1 662 547 | 0 | 12 783 899 |
| Kvalitetsbasert finansiering | 24 987 | 12 736 | 55 364 | 13 993 | | 107 080 |
| SUM, basisramme fordelt utanfor modell *) | 355 319 | 239 739 | 860 416 | 210 172 | 4 276 787 | 5 942 432 |
| Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på): | 10 491 | 8 835 | 38 302 | 21 493 | | 79 121 |
| SUM, inntekt 2017 fordelt frå RHF | 5 872 675 | 3 107 557 | 9 400 291 | 2 506 541 | 4 276 787 | 25 163 851 |

Resultatkrav

| Endelig inntektsfordeling | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Sjukehus-apoteka vest | Helse Vest IKT | Helse Vest RHF | TOTAL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultatkrav 2017 | 80 000 | 40 000 | 180 000 | 15 000 | 17 000 | 1 000 | 0 | 333 000 |

Helseføretaka har med basis i inntektsramma 2017 behandla og vedtatt sine budsjett for 2017 i dei respektive styra.

Helse Bergen har i samband med styrebehandling av budsjettsaka i desembermøtet drøfta tilleggsutfordringa som kom som ein konsekvens av budsjettavtalen i Stortinget. Helse Bergen har derfor med støtte frå sitt styre lagt fram eit budsjett for 2017 med eit resultatkrav på kr 160 mill. i staden for kr 180 mill. Administrerande direktør vil her tilrå at budsjettkravet til Helse Bergen blir justert til kr 160 mill. og at Helse Bergen samtidig må gjere nødvendige tilpassingar på investeringssida i 2017. Det blir her vist til nærmare omtale nedanfor vedkommande investeringar og nødvendige tilpassingar.

Helse Vest RHF legg med basis i helseføretaka sine vedtak for budsjett 2017 no fram sak om konsernbudsjett 2017 samt investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett.

Nytt resultatkrav for 2017 føreslås som følgjer:

| Endelig Inntektsfordeling | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Sjukehus-apoteka vest | Helse Vest IKT | Helse Vest RHF | TOTAL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultatkrav 2017 | 80 000 | 40 000 | 160 000 | 15 000 | 17 000 | 1 000 | 0 | 313 000 |

Denne saka tar og opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå eigar og som ikkje var innarbeida i sak om inntektsfordeling 2017. I tillegg var det nokon ufordelte postar frå desembersaka som no er føreslått fordelt på helseføretaka. Det er i tillegg gjort omfordelingar og oppdateringar på budsjettpostar under kjøp av helsetenester, først og fremst knytt til felleseigde selskap.

Oppdatert oversikt over inntektsramme 2017 og kjøp av helsetenester for 2017 følgjer vedlagt.

**Fakta**

## 2. Inntektsramma frå staten

### 2.1. Oversikt over inntekter frå staten (Oppdragsdokument 2017)

Inntektspostar som følgjer av oppdragsdokumentet er no oppdatert og innarbeida i inntektsramma i Helse Vest RHF. Dette var berre mindre endringar samanlikna med sak 130/16 B:

| (tal i heile tusen) | Kap. Post | Statsbudsjett 2017 | Oppdrags-dokument 2017 | Endring |
|---|---|---|---|---|
| Kvalitetsbasert finansiering | 732. 71 | 107 100 | **106 766** | -334 |
| ISF-inntekt (overslagsbevilgning) | 732. 76 | 6 807 629 | **6 807 443** | -186 |
| Basisramme | 732. 73 | 17 717 059 | 17 659 836 | -57 223 |
| **Budsjettavtale - økt effektivisering** | 732.73 | -57 223 | | 57 223 |
| Forsking og medisinske kompetansesenter | 732. 78 | 150 200 | **149 736** | -464 |
| Omlegging av arbeidsgivaravgift | 732. 70 | 28 028 | **27 637** | -391 |
| Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar | 732. 70 | 6 650 | 6 650 | 0 |
| Partikkelterapi | 732. 70 | 4 150 | 4 150 | 0 |
| Klinisk multisenterstudie ME | 732. 70 | 2 000 | 2 000 | 0 |
| Langvarig smerte | 732. 70 | 0 | 0 | 0 |
| Tilskot til helse- og rehabiliteringsteneste for sjukemelde | 732. 79 | 114 100 | 114 100 | 0 |
| Transporttilbud for psykisk sjuke | 732.70 | 4 150 | 4 150 | 0 |
| Forsøksordning tannhelsetjeneste | 770.21 | 5 900 | 5 900 | 0 |
| Medisinske undersøkingar på barnehusa | 732.70 | 2 500 | 2 500 | 0 |
| Vidareutvikle avansert hjemmesjukehus for barn | 732.73 | 6 000 | 6 000 | 0 |
| Medisinske kvalitetsregistre | 701.71 | 6 579 | 6 579 | 0 |
| Nøytral MVA (1/6) | 732.70 | 189 029 | 189 029 | 0 |
| Sysselsettingstiltak - Pumps & Pipes | 732.70 | 0 | 0 | 0 |
| Sysselsettingstiltak - vedlikeholdsinvesteringar | 732.70 | 70 000 | 70 000 | 0 |
| Sum, estimert inntekt frå staten | | 25 163 851 | 25 162 476 | -1 375 |

Den delen av poliklinisk verksemd som ikkje inngår i ISF-ordninga er ikkje med i inntektsfordelinga frå Helse Vest. Det er i oppdragsdokumentet lagt inn ei overslagsløyving på kr 632,1 mill. for 2017. Budsjettet legg til rette for ein vekst på 8,5% utover anslått nivå i 2016, basert på rekneskapstal frå januar til juni 2016.

Frå og med 2017 er poliklinisk psykisk helsevern og rusbehandling lagt over i ISF ordninga. For Helse Vest er det gitt ei overslagsløyving på 106 358 DRG-poeng med ein einingspris på kr

2000,-. Det er førebels ikkje gjort nokon fordeling av denne overslagsløyvinga på helseføretaka og dei private aktørane. Dette er eit forhold som Helse Vest må komme tilbake til når ein har fått eit betre talgrunnlag samt erfaring med ordninga.

## 2.2. Kvalitetsbasert finansiering

I inntektsfordelingssaka frå desembermøtet var det lagt til grunn tilskotsnivået i Statsbudsjettet som blei lagt fram i oktober. I budsjettavtalen blei det lagt inn ytterlegare avbyråkratisering og effektivisering på 0,3%. Denne blei ikkje fanga opp i berekninga av kvalitetsbasert finansiering i inntektsfordelingssaka som blei behandla i desembermøtet.

Tilskotet er i oppdragsdokumentet justert ned med kr 334 tusen og ny fordeling til helseføretaka utgjer no:

| Kvalitetsbasert finansiering | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| Nytt tall i oppdragsdokumentet | 24 914 | 12 699 | 55 202 | 13 952 | 106 766 |

## 2.3. ISF inntekt - overslagsløyving

Det er ei mindre endring på kr 186 tusen i ISF overslagsløyving som følgje av oppdatert einingspris for ISF samt avstemming av DRG poeng i forhold til overslagsløyvinga frå HOD.

Einingsprisen for ISF somatiske tenester for 2017 er på kr 42 753,-.

Einingsprisen for ISF psykisk helsevern og rus er på kr 2 000,-. Jfr. kommentaren under pkt. 2.1 ovanfor.

## 2.4. Forsking og medisinske kompetansetenester

Som følgje av budsjettavtalen er det ved fastsetting av tilskot til forsking og medisinske kompetansetenester lagt inn ein reduksjon som følgje av ytterlegare avbyråkratisering og effektivisering på 0,3%. Reduksjonen tilsvarer kr 464 tusen samanlikna mot Statsbudsjettet som blei lagt fram i oktober. Denne reduksjonen er no tatt høgde for i fordelinga av øyremerkte midlar til Helse Fonna og Helse Bergen knytt til medisinske kompetansetenester samt i fastsetting av budsjett til forsking. Det blir her vist til tabell nedanfor under pkt. 2.12.

## 2.5. Omlegging arbeidsgivaravgift

Tilskot til tidlegare omlegging av arbeidsgivaravgift er i oppdragsdokumentet justert ned med kr 391 tusen samanlikna mot Statsbudsjettet. I tillegg vart det ved ein inkurie lagt inn kr 452 tusen for høgt tilskot til Helse Fonna og Helse Bergen i forhold til nivået i Statsbudsjettet. Desse endringane er no innarbeida i inntektsfordelinga, og det blir her vist til tabell nedanfor under pkt. 2.12.

## 2.6. Regional eining for rehabilitering

Helse Bergen er tidlegare tildelt midlar på kr 1 mill. til regional vurderingseining for rehabilitering. Midla har vore budsjettert under kjøp av helsetenester – habilitering og rehabilitering. Midla som prisjustert utgjer kr 1,190 mill. er no føreslått overført frå kjøp av helsetenester til Helse Bergen si inntektsramme. Denne overføringa saman med tidlegare fordelingar utgjer no til saman kr 4,769 mill. og inngår som eigen post under inntektsramme fordelt utanfor modell.

## 2.7. Ny nasjonal teneste

Helse Vest har i basisramma for 2017 fått tildelt tilskot til ein ny nasjonal behandlingsteneste for uavklarte smerter i ansikt og kjeve ved Haukeland universitetssjukehus. Tilskotet utgjer kr 1,7 mill. og er no føreslått overført frå kjøp av helsetenester til Helse Bergen.

## 2.8. Pasient og pårørandeopplæring

Helse Vest har i inntektsfordelingssaka som blei behandla i desembermøtet sett av midlar på kr 1,231 mill. til drift av regionalt nettverk for læring og meistring. Nettverket har m.a. i oppgåve å bidra til å styrke kompetanse, standardisere arbeidsmetodar og dele kunnskap på tvers av helseføretaksgrensar og mot kommunane. Midla er føreslått overført frå kjøp av helsetenester til Helse Fonna.

## 2.9. Forsøksordning tannhelseteneste

Det er i oppdragsdokumentet lagt inn kr 5,9 mill. til forsøksordninga med tannhelsetenester på sjukehuset. Føremålet er å bygge opp kunnskap om behovet for tannhelsetenester til innlagde pasientar på sjukehus. Midla er føreslått fordelt til Helse Bergen.

## 2.10. Forskotering av meirverdiavgift

Som følgje av at 2017 er eit oppstartsår for ordninga med nøytral meirverdiavgift for helseføretaka, vil det vere nødvendig å sikre nødvendig likviditet fram til første utbetaling av kompensasjon for meirverdiavgift. Som følgje av dette er det lagt inn eit øyremerka tilskot til Helse Vest på kr. 189,029 mill. Midla skal ikkje inntektsførast, men blir ført i balansen.

Helse Vest vil handtere tilskotet på same måte mot helseføretaka der dette blir gitt som eit forskot på kompensasjon for meirverdiavgift. Beløpet blir fordelt på same måte som berekna refusjon for meirverdiavgift. Det er tatt omsyn til handtering av private ideelle og felleseigde selskap ved fastsetting av beløpet som blir fordelt til helseføretaka.

Helseføretaka må føre det aktuelle tilskotet i sin balanse og sjå dette opp mot oppførte krav mot Helse Vest som følgje av tidlegare nye oppgåver utan full kostnadsdekning. Følgjande beløp er føreslått fordelt på det enkelte helseføretak:

| Spesifikasjon pr. selskap | Forskot MVA kompensasjon avrunda i heile tusen kroner |
|---|---|
| Helse Stavanger | 45 200 |
| Helse Fonna | 20 800 |
| Helse Bergen | 71 800 |
| Helse Førde | 16 400 |

Dersom Helse- og omsorgsdepartementet vedtar endringar i ordninga som inneber at tilskotet skal tilbakebetalast, vil Helse Vest følgje opp dette på tilsvarande måte mot helseføretaka.

## 2.11. Sysselsettingstiltak – Vedlikehald

Helse Vest er tildelt eit tilskot til auka sysselsetting på kr 70 mill. Pengane skal nyttast til vedlikehaldstiltak som ikkje vil bli gjort i 2017 utan ekstra midlar. Fordelinga mellom helseføretaksområda er gjort etter ein modell som tek omsyn til inntektsfordelinga mellom HF-a, utviklinga i arbeidsløysa i kvart område og faktisk arbeidsløyse i kvart område.
Helse Vest har i eigne brev etterspurt aktuelle tiltak frå dei fire sjukehus HF-a i regionen og private ideelle institusjonar.

Helse Vest har med basis i dei føringane som er lagt ovanfor tildelt midlane på følgjande måte:

| | |
|---|---|
| Helse Stavanger | kr 29,8 mill. |
| Helse Fonna | kr 10,3 mill. |
| Helse Bergen | kr 23,6 mill. |
| Helse Førde | kr 3,7 mill. |
| Jæren DPS | kr 0,8 mill. |
| Haraldsplass | kr 1,8 mill. |

Helseføretaka og dei private ideelle må rapportere på bruken av midlane i tråd med etablert rapporteringsmal.

## 2.12. Samla endringar i inntektsfordelinga

Dei samla endringane som er omtalt ovanfor vil påverke inntektsfordelinga til helseføretaka og RHF-et på følgjande måte:

| Endringar i inntektsramma for 2017 (heile tusen kroner) | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Helse Vest RHF | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntektsramme 2017 - desembermøtet | 5 872 675 | 3 107 557 | 9 400 291 | 2 506 541 | 4 276 787 | 25 163 851 |
| **Endringar i inntektsfordelinga** | | | | | | 0 |
| Kvalitetsbasert finansiering | -73 | -37 | -162 | -41 | -20 | -334 |
| Forsking og medisinske kompetansetenester | | | | | | 0 |
| Omlegging arbeidsgiveravgift | | -200 | | -643 | 452 | -391 |
| Regional vurderingseining for rehabilitering - rettelse | | | 1 190 | | -1 190 | 0 |
| Ny nasjonal teneste | | | 1 700 | | -1 700 | 0 |
| Justering forsking og kompetansetenester - øremerka HOD | -50 | | -350 | | -64 | -464 |
| Pasient og pårørandeopplæring | | 1 231 | | | -1 231 | 0 |
| Forsøksordning tannhelseteneste | | | 5 900 | | -5 900 | 0 |
| Oppdatering ISF pris og justering DRG poeng | 42 | 20 | 68 | 13 | -329 | -186 |
| Sysselsettingstiltak | 29 800 | 10 300 | 23 600 | 3 700 | -67 400 | 0 |
| Sum endringar | 29 719 | 11 314 | 31 946 | 3 029 | -77 382 | -1 375 |
| Oppdatert inntektsfordeling 2017 | 5 902 394 | 3 118 871 | 9 432 237 | 2 509 570 | 4 199 405 | 25 162 476 |
| Forskottering meirverdiavgift | 45 200 | 20 800 | 71 800 | 16 400 | -154 200 | 0 |
| Sum inntektfordeling og forskottering MVA | 5 947 594 | 3 139 671 | 9 504 037 | 2 525 970 | 4 045 205 | 25 162 476 |

I vedlegg 1 til denne saka følgjer oppdatert oversikt over inntektsfordeling til HF-a for 2017 samt vedlegg 2; oppdatert budsjett "Kjøp av helsetenester".

## 2.13. Interne omdisponeringar på kjøp av helsetenester

I tillegg til dei omfordelingane som er føreslått under pkt. 2.12 er det gjort omfordeling av budsjettmidlar innanfor kjøp av helsetenester på postane som gjeld felleseigde selskap. Ved framlegg av inntektsfordelingssaka i desembermøtet var det framleis usikkerheit knytt til budsjettet til dei felleseigde selskap. Det er no gjennomført eit arbeid med tanke på å klarlegge budsjetta samt justere desse i forhold til føresetnadene som ligg i statsbudsjettet samt justering av budsjetta for refusjon meirverdiavgift. Det er framleis usikkerheit knytt til budsjettet til Sykehusinnkjøp, og eventuelle budsjettendringar som vil falle på Helse Vest vil måtte dekkast av budsjettposten «Satsingar som blir fordelt seinare» som utgjer om lag kr 12 mill.

Samla interne omdisponeringar under kjøp av helsetenester som ikkje er omtala under pkt. 2.12 ovanfor utgjer følgjande:

| Omdisponering/korreksjonar innanfor budsjettet til kjøp av helsetenester | Inntektsfordeling desembermøtet | Konsern-budsjett | Endring |
|---|---|---|---|
| Tilskot til Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS | 31 943 | 28 800 | -3 143 |
| Helseforetakenes driftsorgansisajon HF - Nødnett | 35 766 | 31 842 | -3 924 |
| Nasjonal IKT | 24 873 | 22 971 | -1 902 |
| Redusert MVA felleseide selskap | -10 258 | 0 | 10 258 |
| Feil i MVA rapporteringen (30 mill, HV 19%) | 5 700 | 4 522 | -1 178 |
| Satsingar som blir fordelt seinare | 10 524 | 11 949 | 1 425 |
| Diverse endringar/korreksjonar på enkeltpostar | | -1 536 | -1 536 |
| Sum endring | | | 0 |

Budsjettposten «Redusert MVA felleseide selskap» er no lagt inn i budsjettposten til dei enkelte selskap. Denne var ikkje heilt samanfallande med det dei enkelte selskap har berekna av refusjon meirverdiavgift. Forskjellen er utlikna mot budsjettposten «Feil i MVA rapportering»

Ved kartlegging av meirverdiavgift på Nasjonal IKT viser det seg at ein større kostnadspost som var føresett MVA refusjonsberettiga ikkje er det likevel. Dette inneber at det i MVA uttrekket til dei regionale helseføretaka er lagt inn eit for høgt beløp. Dette inneber at tidlegare budsjettpost «Feil i MVA rapportering» ikkje lenger er så relevant då feilen i berekna refusjon knytt til Nasjonal IKT nøytraliser tidlegare opphavlege feilen i mva-kartlegginga. Delar av den opphavlege budsjettposten «Feil i MVA rapportering» er nytta til å saldere forskjellane i mva-uttrekket knytt til dei nasjonale selskapa (ca. MNOK 1,1) medan resterande beløp blir likevel føreslått vidareført i budsjettet då det er generell stor usikkerheit knytt til mva-uttrekket.

Det blir elles vist til vedlagt spesifikasjon av budsjett for kjøp av helsetenester.

## 2.14. Gylne regel

Det er i Statsbudsjettet og oppdragsdokumentet presisert at det også i 2017 skal vere høgare vekst innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn for somatikk. Dette styringskravet er følgt opp av Helse Vest i inntektsfordelingssaken frå desember (sak 130/16-B) og vil bli ytterlegare presisert i Styringsdokument 2017 at denne og skal gjelde på føretaksnivå.

Helse Vest vil til styremøtet kvalitetssjekka budsjetta for å følgje opp at det er gjort nødvendige budsjettmessige prioriteringar for å oppfylle «den gylne regel». Budsjettsystemet er førebels ikkje oppdatert med aktuelle fordelingsnøklar som er nødvendig for å ta ut data som viser vekst innan for de ulike tenesteområda. Eventuell manglande budsjettmessige prioriteringar av «den gylne regel» vil bli fylgt opp mot helseføretaka.

Nedanfor er det gitt ein oppsummering av helseføretaka sin tilbakemelding på handtering av «den gylne regel»:

Helse Stavanger står ovanfor ein omfattande omstilling i 2017 men har i budsjettsamanheng søkt å oppfylle «den gylne regel» gjennom å legge hovudtyngda av omstillingskravet til somatikken i forhold til psykisk helsevern. Psykisk helsevern vaksne er delvis justert ned for RHFets kjøp av private plasser i opptaksområdet samt for kommunale ø-hjelp senger.

Helse Fonna har lagt opp til ein vekst i budsjettet innanfor psykisk helsevern samanlikna mot 2016. Somatikken har i sitt budsjett fått redusert både aktivitet og kostnader samanlikna mot 2016.

Helse Bergen har i budsjettet for 2017 lagt opp til ein høgare realvekst i personalkostnad innan psykisk helsevern enn somatikk samanlikna mot 2016. Det same gjeld for Avdeling for rusmedisin. Innan psykisk helsevern er veksten særleg knytt til Klinikk psykisk helsevern for barn og unge. For barne- og ungdomspsykiatrien er det planlagd med ein auke i opphaldsdøgn med over 34% samanlikna mot 2016. Auken er knytt til innflytting i barne- og ungdomssjukehuset og ein auke i tal senger med tilhøyrande auka tal tilsette. Budsjettet er stryka både med omsyn til behandlingsaktivitet, men og for høgare infrastrukturkostnader som følgje av auka areal.

Helse Førde har gode ventetidstal på psykisk helsevern og har i sitt budsjett tatt omsyn til at Psykisk helsevern skal ha ein vekst på om lag 4,4% samanlikna mot 2016. Innan det somatiske området er det budsjettert med ein nedgang i kostnader.

## 3. Konsernbudsjett 2017

Helseføretaka har med basis i sak 130/16 B Inntektsfordeling 2017 og resultatkrav 2017, fatta vedtak om budsjett 2017 i sine respektive styre. Resultatkravet er som følgjer:

| **Endelig Inntektsfordeling** | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Sjukehus-apoteka vest | Helse Vest IKT | Helse Vest RHF | TOTAL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultatkrav 2017 | 80 000 | 40 000 | 160 000 | 15 000 | 17 000 | 1 000 | 0 | 313 000 |

Med basis i helseføretaka sine budsjett blir konsernbudsjett 2017 som følgjer:

| **Tal i heile mill.** | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | Apoteka | HV IKT | Kjøp av helsetenester | Helse Vest administrasjon | Eliminering | Konsern |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | | | | | | | | |
| Basisramme | 4 052,2 | 2 230,8 | 6 395,8 | 1 891,4 | - | - | 17 534,5 | 125,3 | -14 570,2 | 17 659,8 |
| ISF inntekter | 1 810,0 | 907,4 | 2 960,1 | 612,9 | - | - | 6 807,4 | - | -6 290,4 | 6 807,4 |
| Polikliniske inntekter og egenbetaling | 253,2 | 114,5 | 628,5 | 29,9 | - | - | 632,1 | - | -740,0 | 918,2 |
| Andre inntekter og tilskudd | 446,9 | 75,6 | 1 027,8 | 215,0 | 1 134,4 | 928,5 | 1 270,5 | - | -1 728,0 | 3 370,8 |
| **Sum driftsinntekter** | **6 562,2** | **3 328,3** | **11 012,2** | **2 749,2** | **1 134,4** | **928,5** | **26 244,6** | **125,3** | **-23 328,5** | **28 756,3** |
| Varekostnader | 1 075,8 | 508,6 | 1 231,3 | 391,8 | 913,7 | 28,5 | 25 654,6 | - | -22 432,8 | 7 371,5 |
| Personalkostnader | 4 463,1 | 2 268,6 | 7 665,2 | 1 832,0 | 143,0 | 294,6 | - | 74,1 | - | 16 740,6 |
| Andre driftskostnader | 699,9 | 369,9 | 1 447,3 | 430,8 | 57,6 | 363,9 | 620,0 | 51,2 | -895,7 | 3 144,9 |
| Avskrivninger | 233,2 | 143,1 | 485,0 | 76,0 | 4,1 | 234,1 | - | - | - | 1 175,5 |
| **Sum driftskostnader** | **6 471,9** | **3 290,1** | **10 828,8** | **2 730,6** | **1 118,5** | **921,0** | **26 274,6** | **125,3** | **-23 328,5** | **28 432,4** |
| **Driftsresultat** | **90,3** | **38,1** | **183,4** | **18,6** | **15,9** | **7,5** | **-30,0** | **-** | **-** | **323,9** |
| Finansinntekter | - | 4,9 | - | 1,4 | 1,1 | 1,0 | 30,0 | - | - | 38,4 |
| Finanskostnader | 10,3 | 3,0 | 23,4 | 5,0 | 0,1 | 7,5 | - | - | - | 49,3 |
| **Finansresultat** | **-10,3** | **1,9** | **-23,4** | **-3,6** | **1,1** | **-6,5** | **30,0** | **-** | **-** | **-10,9** |
| **Resultat** | **80,0** | **40,0** | **160,0** | **15,0** | **17,0** | **1,0** | **-** | **-** | **-** | **313,0** |

I konsernsamanstillinga er det gjort ei forenkla eliminering for konserninterne transaksjonar. Dette er i hovudsak knytta til ISF inntekt og basisramme i føretaka. I tillegg er det eliminert for interne inntekter i Helse Vest IKT og Sjukehusapoteka Vest.

Det vil bli endringar både på inntekts- og kostnadssida når helseføretaka har fått innarbeida alle tiltak samt eksternfinansierte oppgåver. Dette vil likevel ikkje påverke resultatet.

## 4. Investeringsbudsjett 2017

Styret i Helse Vest behandla i møte den 20/6-2016 sak 075/16 B Langtidsbudsjett 2017-2021. I denne er det mellom anna fastsett resultatkrav i kommande 5 års periode som er nødvendig for å kunne handtere investeringsbehovet i føretaksgruppa. Saka gir ei oversikt over investeringsbehovet og det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar. Dei årlege investeringsbudsjetta må handterast i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. I samband med behandlinga av konsernbudsjett 2017 blir det i denne saka og fastsett investeringsramme for føretaka i 2017. Endeleg investeringsbudsjett må behandlast i helseføretaka med basis i det endelege resultatet for 2016 samt dei føringane som blir lagt i denne saka.

Det samla investeringsbudsjettet for 2017 blir som følgjer:

9

**Samandrag investeringar (Budsjett 2017)**

| Beløp i heile tusen kroner | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | Apoteka | HV IKT | RHF | TOTAL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bygg - tilgjengelig ramme | 230 000 | 88 800 | 599 000 | 80 400 | 2 980 | | | 1 001 180 |
| Medisinteknisk utstyr | 145 000 | 40 000 | 161 000 | 23 000 | 1 140 | | | 370 140 |
| IKT | | | | 1 700 | | 335 000 | | 336 700 |
| Anna | 20 000 | 11 200 | 117 000 | 8 600 | 300 | | | 157 100 |
| Sum investeringar 2017 | 395 000 | 140 000 | 877 000 | 113 700 | 4 420 | 335 000 | 0 | 1 865 120 |

Det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar i 2017 er lagt inn med følgjande føresetnad:

**Kontantstrøm til å dekke investeringar i 2017:**

| Beløp i heile tusen kroner | Stavanger | Fonna | Bergen | Førde | Apoteka | HV IKT | RHF | TOTAL |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultat til styrking av finansieringsgrunnl | 80 000 | 40 000 | 160 000 | 15 000 | 17 000 | 1 000 | 0 | 313 000 |
| + Avskriving | 234 000 | 130 338 | 485 000 | 76 000 | 4 108 | 235 119 | | 1 164 565 |
| + Nedskriving anleggsmidlar | 0 | 0 | | | | | | 0 |
| = Kontantstraum frå drifta | 314 000 | 170 338 | 645 000 | 91 000 | 21 108 | 236 119 | 0 | 1 477 565 |
| +/- Førebels resultatawik 2016 | -50 000 | -10 000 | 0 | -15 000 | - | -1 000 | 389 000 | 313 000 |
| + Nedskriving 2016 | 0 | | | | - | | | 0 |
| + Opptak av nye lån | 175 000 | | 166 000 | 18 000 | - | | | |
| - Avdrag lån | -48 000 | -15 085 | -72 000 | -9 870 | | | | -144 955 |
| - Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT | -27 390 | -8 123 | -24 000 | -7 979 | - | 67 492 | | 0 |
| + Sal av anleggsmidlar | | 0 | 60 000 | | - | | | 60 000 |
| +/- Likviditet overført frå 2016 | 216 798 | 187 004 | -127 000 | -22 284 | | | 135 000 | 389 518 |
| +/- annet | 26 700 | 0 | 110 000 | | | | | 136 700 |
| **Finansielt grunnlag** | **607 108** | **324 134** | **758 000** | **53 867** | **21 108** | **302 611** | **524 000** | **2 231 828** |
| + Interne lån overført fra tidlegare år | 75 000 | | | 60 000 | | | -135 000 | 0 |
| + Internt lån 2017 | | | | | | 50 000 | -50 000 | 0 |
| **Finansieringsgrunnlag investeringar inkl interne lån** | 682 108 | 324 134 | 758 000 | 113 867 | 21 108 | 352 611 | 339 000 | 2 231 828 |
